

Årsmøte i Bergen ungdomslag Ervingen **onsdag 08. mars 2023, kl. 18.00**

Det møtte 23 personar med røysterett og 4 personar utan røystrett.

Sak 1 Velkomen / opning

Marit Kvamen ynska velkommen.

Audhilds spelte «*rull etter Ketil Kanikkeberg*» og «*Sylkjegulen*».

Sak 2 Konstituering

2.1 godkjenning av innkalling

Vart send ut digitalt (Bodstikka) 03.02.23

Vedtak: Innkallinga vart samrøystes godkjend.

2.2 godkjenning av saklista

Vart send ut digitalt (Bodstikka) 03.02.23

Vedtak: Saklista vart samrøystes godkjend.

2.3 val av ordstyrarar

Vedtak: Gunn Inger Sture og Live Havro Bjørnstad.

2.4 val av skrivarar

Vedtak: Gro Vetås og Aud Vetås

2.5 val av protokollunderskrivarar

Vedtak: Hans Nyeggen og Sigrid Vinje-Christensen

2.6 val av teljekorps

Vedtak: Kristin Lygre og Øystein Rambjørg

Årsmøte song «*Nordmannen*».

Sak 3 Årsmelding for 2022, med rapport for arbeidsprogrammet 2021-2022

Mari Kvamen la fram årsmeldinga og førebels rapport for arbeidsprogrammet. Ho snakka mellom anna om at det er kjekt å ha full aktivitet att etter pandemi, landsmøtet i NU der laget var godt representert, og vann fram med sine saker om framleis nynorsk i NU sentralt og at sentralt tilskipingar skal vera rusfrie. Ho drog fram rebusløp og julelagsmøte som gode felles tilskipingar på tvers av særslag.

Tilråding frå Rådet den 21.02.23: *Årsmeldinga vert tilrådd godkjent av årsmøtet, med dei merknader som kom fram på møtet. Rapport arbeidsprogram vert tilrådd godkjent av årsmøtet.*

Vedtak:

Årsmøtet godkjenner årsmelding for 2022 for Bergen ungdomslag Ervingen, og tek rapport om arbeidsprogrammet 2021-2022 til vitande.

Sak 4 Rekneskap for 2022

Marit Kvamen la fram rekneskapen for laget. Rekneskap og balanse.

Frode Myhra la fram rekneskapen for fond- og eigedomsstyret. Rentefordring 2020, 2021 og 2022 er ikkje utbetalt frå Lagsbruket, difor står det som fordring i balansen.

Tilråding frå Rådet den 21.02.23: *Rekneskap for laget vert tilrådd godkjent av årsmøtet, med føresetnad om at revisor også har tilrådd godkjenning.*

Ordstyrarane las revisjonsmeldinga.

Desse hadde ordet i saka: Halvor Røyseth, Øystein Ask og Torgrim Ljones.

Vedtak:

- | |
|---|
| <p>a. Årsmøtet godkjenner rekneskap for laget 2022. Overskotet på kr. 4.923,- vert lagt til eigenkapitalen.</p> <p>b. Årsmøtet godkjenner rekneskap for fond- og eigedomsstyret 2022.</p> |
|---|

Sak 5 Endring av styringsføresegner for Bergen ul Ervingen

Marit Kvamen la fram saka.

Framlegg om endring i § 6 *særlag og nemner*. Styret gjorde framlegg om endringar for å oppdatere føresegnene til realiteten i laget, ved at punkta om teaterlaget, toradargruppa, Skostredet spøt og slarv og Selsvikklubben vert strokne. Styret ynskjer at teksten om ungdomsgruppa vert ståande, sidan me har mykje barn og unge i laget.

Tilråding frå Rådet 21.02.23: *Endring av styringsføresegner vert tilrådd godkjent av årsmøtet.*

Desse hadde ordet i saka: Torgrim Ljones, Halvor Røyseth, Øystein Ask, Marit Kvamen, Borghild Opdahl, Christian B. Strømme, Stig Vaular, Gunn Inger Sture, Borghild Opdahl, Øystein Rambjørg og Grete Oline Hole.

Framlegg frå Torgrim Ljones om å la teaterlaget framles stå i føresegnene. Då dette har historisk verdi. Framlegget fall mot 5 røyster.

Framlegg frå Grete Oline Hole om å leggja til «*pr 8. mars 2023*» i teksten «Laget har desse særlaga og nemndene». Framlegget fall mot 5 røyster.

Framlegg frå Øystein Ask om å leggja til ein tekst om at «*styret kan oppnemna dei nemnder dei måtte trenga for drifta av laget*». Framlegget fall mot 5 røyster.

Vedtak: (mot ei røyst, 4 fråhaldne)

<p>Årsmøtet vedtek endringane i styringsføresegner for Bergen ungdomslag Ervingen, slik dei ligg føre.</p>

Matpause kl. 19.35. Årsmøtet song «*Tytebæret*».

Sak 6 Arbeidsprogram 2023-2024

Irene Bjørke la fram saka.

Tilråding frå Rådet 21.02.23: *Arbeidsprogram for 2023 – 2024 vert tilrådd godkjent av årsmøtet.*

Vedtak:

Arbeidsprogram 2023-2024 for Bergen ungdomslag Ervingen vert vedteke.

Sak 7 Budsjett 2023

Marit Kvamen la fram saka.

Frode Myhra la fram budsjettet for fond- og eideomsstyret.

Tilråding frå Rådet den 21.02.23: *Budsjettet for laget og budsjettet for Fonds- og eideomsstyret 2023 vert tilrådd godkjent av årsmøtet. Den totale overføringa frå fonda er mindre enn det som lagsstyret har budsjettert med – ein indikasjon på at ein må ta tak i dei økonomiske utfordringane i laget. Rådet er uroa for den langsiktige økonomien til laget. Lagsstyret, F&E-styret og rådet må arbeide saman for ei sunn økonomisk utvikling i laget basert på kva som er mogleg i dagens situasjon.*

Desse hadde ordet i saka: Kristin Lygre, Halvor Røyseth og Torgrim Ljones.

Vedtak:

- a. **Årsmøtet vedtek budsjettet for 2023 for laget, med tilrpdinga frå Rådet som merknad.**
- b. **Årsmøtet vedtek budsjettet for 2023 for fond- og eideomsstyret, med tilrådinga frå Rådet som merknad.**

Sak 8 Medlemspengar 2024

Marit Kvamen legg fram saka.

Tilråding frå Rådet den 21.02.23: *Medlemspengar 2024 vert tilrådd godkjent av årsmøtet.*

Desse hadde ordet i saka: Torgrim Ljones.

Vedtak:

Medlemspengar 2024:

Vaksne	kr 800
Barn og ungdom t.o.m. 26 år	kr 500

I tillegg kjem aktivitetsavgift for medlemar som deltek på ein eller fleire faste øvingar i laget; kr. 500,- pr. år. (250,- pr halvår)

Sak 9 Fråsegner

Det var ingen innkomne framlegg til fråsegner.

Sak 10 Val

Leiar i valnemnda, Borghild M. Opdahl la fram saka på vegne av valnemnda.

Desse hadde i ordet i saka: Halvor Røyseth, Borghild Opdahl og Frode Myhra.

Vedtak:

Lagsstyret

Leiar	Marit Kvamen	Attval, 1 år
Medlem	Live Havro Bjørnstad	Ikkje på val, 1 år att
Medlem	Dag Inge Bøe	Attval, 2 år
Medlem	Renathe Nilsen	Ikkje på val, 1 år att
Medlem		På val, 2 år
Varamedlem	Irene Bjørke	Ny, 1 år
Varamedlem	Inga Myhr	Attval, 1 år
Varamedlem	Johanna Mjeldheim	Attval, 1 år

Rådet

Leiar	Borghild Opdahl	Attval, 1 år
Medlem	Gunn Inger Sture	Ikkje på val, 1 år att
Medlem	Brit Sørland	Ny, 2 år
Medlem	Stig Indrebø	Ikkje på val, 1 år att
Medlem	Grete Oline Hole	Ny, 2 år
Varamedlem	Hans Nyeggen	Attval, 1 år
Varamedlem	Sverre Sundvor	På val, 1 år

Fond- og eigedomsstyret

Leiar	Arnvid Underlid	Attval, 1 år
Medlem	Frode Myhra	Ikkje på val, 1 år att
Medlem	Bjørn Feltens	Attval, 2 år
Medlem	Knut Arne Vedå	Ikkje på val, 1 år
Medlem	Vegard Opheim	Attval, 2 år

Folkedanslaget

Leiar	Gunn Inger Sture	Attval, 1 år
Medlem	Stig Indrebø	Attval, 2 år
Medlem	Steinar Rognsvåg	Ny, 2 år
Medlem	Line Alvheim Åse	Ikkje på val, 1 år
Medlem	Sindre Vatnehol	Ikkje på val, 1 år

Ungdomsgruppa

Leiar		På val, 1 år
Medlem		På val, 2 år
Medlem		På val, 2 år

Ungdomsgruppa vert lagt til lagsstyret

Barnelaget

Leiar	Karin Møssler	Attval, 1 år
Medlem	Heine Bugge	Ikkje på val, 1 år att
Medlem	Yvonne Dahl	Attval, 2 år

Koret

Leiar	Dag Inge Bøe	Attval, 1 år
Medlem	Julian Merlin Ertel	Ikkje på val, 1 år att
Medlem	Kristin Lygre	Ny, 2 år
Vara	Rolf Arild Topphol	Ny, 1 år
Vara	Sigrid Vinje-Christensen	Attval, 1 år

Jr.laget

Medlem	Helga Revheim	Ny, 1 år
Medlem	Therese G. Eide	Ikkje på val, 1 år att
Medlem	Vigdis Berg	Attval, 2 år

Medlemmane finn ein leiar seg i mellom, og gjev tilbakemelding til lagsstyret.

Audhilds

Leiar	Christian Bianchi Strømme	Attval, 1 år
Medlem	Symre Taugbøl Bang	Ikkje på val, 1 år att
Medlem	Johanna Seim	Ny, 2 år

Hyttenevnda

Leiar	Stig Vaular	Attval, 1 år
Medlem	Ingunn Skjelvan	Ikkje på val, 1 år att
Medlem	Hans Nyeggen	Attval, 2 år

Ettersyn

	Torbjørn Haukås	Attval, 1 år
	Einar Heggland	Ny, 1 år
Vara	Elin Sletbakk	Ny, 1 år


Valnemnda


Leiar	Borghild Opdahl	Attval, 1 år
Medlem	Ida Marie Rognsvåg	Attval, 1 år
Medlem	Einar Heggland	Attval, 1 år
Medlem	Eli Randmo	Ny, 1 år
Medlem	Ingunn Skjelvan	Ny, 1 år

Kvedargruppa vel eigen kontaktperson.

Utendingar til ulike årsmøte og landsmøte: Lagsstyret får fullmakt til å skaffa all representasjon.

Marit takka for møtet, og ynska god kveld, og årsmøtet song «Dølavisa». Møtet slutt kl. 20.45


Hans Nyeggen


Sigrid Vinje-Christensen